

Presentasjon av biletboka

«Odd er et egg»

Om forfatteren: Lisa Aisato



Lisa Aisato N`jie Solberg ([Lisa Aisato](#)), er ein norsk biletbokforfattar, illustratør, og biletkunstnar født 23.juli 1981. Ho har gjeve ut fem barnebøker med eigne tekstar og illustrasjonar for dei yngste lesarane. Illustrasjonane er maleri på lerret eller papir. Gouache (vannløselege farger) og blekk, legg ho på med pennesplit, pensel, og nokre gonger tannbørste for spruteeffekt. Så tek ho foto av måleria, og arbeide med dei digitalt i Photoshop. [Figurane i bileta](#) er sterkt overdrivne, noko som gjev dei eigenarta karakter og uttrykk. Aisato er god på dramatiske virkemiddel i bileta, som

gjev ein tilleggsdimensjon til tekstinnehald. Ekstremt perspektiv, lys/skugge, storleik, kontrast, og farger er virkemiddel som får fram kjensler og stemningar.

I 2008 gav Aisato ut si første bok, «Mine to oldemødre». Ei fargesprakande bok om å høyre til i to kulturar, og som speglar hennar gambiske bakgrunn. I 2014 blei ho nominert til Brageprisen for biletboka «[En fisk til Luna](#)». Aisato er mest kjend for biletboka «[Odd er et egg](#)» (2010), om ein einsam og engsteleg skolegut som er redd for det meste. Ho er og kjend for illustrasjonane i serien om «trollet Tambar», der Tor Åge Bringsværd har skrive teksten. Aisato har delteke med sine bilete i [ei rekkje andre utgjevingar](#), og har vore nominert til Alma- og Kritikerprisen fleire gonger. Norske barn kan no glede seg over at [Norsk filminstitutt](#) den 27.03.2015 offentleggjorde at dei har gjeve produksjonstilskot til Qvisten animasjon, slik at «Odd er et egg» snart blir animasjonsfilm.

«Odd er
et egg»
blir
animasjon!

Om boka

Handlinga

I boka om Odd treff vi på ein liten engsteleg gut på 7 år, som er skjør og sårbar. Han har hovud som eit egg, som lett kan bli øydelagt, og difor er det ikkje mange ting Odd kan gjere.



Han leiker ikkje med dei andre barna på skolen, men sit mest aleine og er nesten usynleg. Odd er einsam og ikkje nokon glad gut, og nokre gonger gøymer han seg på do. Dei andre spør ikkje om han vil leike lenger, dei er van med at han ikkje kan.

Ein dag treff han Gunn, ei jente i bie-drakt, som vil leike. Sjølv om Odd er redd, kastar han seg ut i leiken, og kan ikkje hugse sist han hadde det så spanande. No har han ein ven! Så blir Gunn borte. Odd leiter og lengtar i mange dagar, men finn ho ikkje. Han tek alle sparepengane og kjøper ei stor krukke honning, som han vil gje Gunn. Ein dag ser han ho på eit tak. Odd blir glad og full av kjensle, og klatrar opp på sykkelen for å rekkje krukka opp mot taket. Sykkelen står ikkje støtt og han ramlar og knuser skalet på eggehovudet, men under er hovudet like heilt og mjukt. Gunn gjev Odd eit par vingar så dei kan flyge saman. No tør Odd både å sykle og leike. Endeleg er han lykkeleg!

Virkemiddel

Aisato bruker sterke virkemiddel i dei flotte illustrasjonane, både for å utvide og utdjupe skriftmodaliteten, og skape funksjonell spesialisering. Mora er til dømes framstilla som ei høne. Bileta og verbalteksten har omlag like stor funksjonell tyngde. Fargene i bileta er dempa og grålege, og speglar Odd si nedtrykte stemning. Ei og anna sterk farge på nokre viktige element, som til dømes den gule honning-krukka, understrek viktige poeng. Gunn er svart og gul som ei bie. Farleg, spanande og fri! Odd har eit stort eggehovud med triste auge, og ein liten kropp med luta kroppshaldning. Synlege symbol på at han er skjør, svak, og redd. Fugleperspektiv forsterkar Odd si underlegne kjensle. Mot slutten av historia endrar kroppshaldninga og andletsuttrykket seg, og dei dempa fargene blir erstatta av klare farger.

Korleis bruke boka i skolen og som lekse

Boka om Odd kan inngå i norskfagleg samanheng på mange måtar. Den kan vere eit godt utgangspunkt for å samtale om kjensler, utestenging, mobbing, venskap, redsle, sjølvkjensle, om å gå på skole, og for å utvikle eit språk kring skriftspråk/biletspråk. Ein kan lese høgt med lesestopp, også i lesesirklar, der ein samtalar eller skriv om det ein ser og opplev i bileta. Om ein endra synsvinkel får ein fokus på Odd frå utsida, og det som ikkje står i teksten, eller ein kan gje elevane oppdrag i gruppe med å tolke eit sideoppslag. Sjølv om boka kanskje er berekna for dei yngste lesarane, vil ho i enkelte høve kunne inngå i undervisning heilt opp i



4-5.klasse, om ein er ute etter tematikk, biletspråk og virkemiddel som historia inneheld. Historia om Odd kan ein og bruke som leselekse. Ein kan gje elevane eit tekstutdrag eller bilete med spørsmål, der ein ikkje finn svara på i teksten. Kva tenker Odd om..., og kva tenker du?

Boka er fin å nytte i ein førskrivingsfase som modelltekst om elevane skal lage ei biletforteljing. Her kan ein la to og to

arbeide saman, og gje dei tema som mobbing, einsemd, glede, og til dømes venskap. Fyrst kan elevane tenkeskrive litt individuelt, og så kan dei lage tankekart saman, og bli einig om kva som skal vere med i biletforteljinga ut frå den multimodale affordansen. Samskriving er motiverande og gjer at elevane hjelper kvarandre med tekstskrivinga, og blir meir bevisst val dei tek. Samskriving er også positivt i revisjons- og sluttskrivingsfasen når ein arbeid med formulering, rettskriving, og tar avgjerder kring tekstinnhald.

Kilder

Kverndokken (2012)

Løvland (2007)

Anmarkrud & Refsahl (2010)

Illustrasjoner: Pixabay

Bilde Lisa Aisato: Wikipedia